



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Tom N. Pedersen, 5557 2119
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato
04.04.2016
Dykkar dato
25.02.2016

Vår referanse
2015/9813 421.3
Dykkar referanse
15/421

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Masfjorden - Duesund - dispensasjon til utviding av akvakulturområde - klage

Vi viser til brev av 25.02.2016, med melding om vedtak for klagevurdering. Vi viser til brev av 16.03.2016 med utsett frist til 04.04.2016.

Fylkesmannen i Hordaland klagar med dette på Masfjorden kommune sitt vedtak av 10.02.2016, saknr. 012/2016, dispensasjon for utviding av AK11 ca. 170 meter i sørvestleg retning som omsøkt.

Fylkesmannen sine merknader

Tiltaket ligg delvis i eit område som i arealdelen av kommuneplanen er synt med arealføremålet *bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone*. Resten ligg i område sett av til akvakultur.

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen eller omsyna i føremålsparagrafen i plan- og bygningslova (tbl.) § 1-1 ikkje vert sett vesentleg til side, jf. tbl. § 19-2. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf.tbl. § 19-2 andre ledd.

Fylkesmannen rådde frå utvidinga av akvakulturområde i brev av 04.08.2015. Det går fram avtbl. § 19-2 fjerde ledd at kommunen ikkje bør dispensere der statlege og regionale styremakter har uttalt seg negativt til søknaden. Fylkesmannen viser til uttalen som grunnlag for klagen sin:

Fylkesmannen viser til at det er kommuneplanen som er arenaen for å diskutere omsøkte tiltak. Arealdelen til kommuneplanen skal syne hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer og vilkår for nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, i tillegg til viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala, jf.tbl. § 11-5 andre ledd. Slik Fylkesmannen vurderer situasjonen for oppdrettsanlegg i regionen er det viktigare enn nokon gong at arealbruk knytt til oppdrettsanlegg vert vurdert i samband med kommuneplanlegginga. Ein dispensasjon i denne saka vil undergrave kommuneplanen som styringsverktøy for utvikling av kommunen, og kan i tillegg skape presedens for dette og liknande område i framtida.

Fylkesmannen har den siste tida motteke mange liknande dispensasjonssøknader relatert til oppdrettsnæringa i Hordaland. Det er ein uheldig praksis dersom kommunen legg opp til å styre utviklinga av oppdrettsnæringa gjennom dispensasjonar. For omsøkte tiltak ligg det i dag inga konkret vurdering av om tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn.

Då saka vert handsama som ein dispensasjon, vil tiltaket ikkje verte omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova. Vi minner om at kommunen skal syte for at det vert utarbeidd reguleringsplan dersom det er behov for å sikre forsvarleg plan-avklaring og gjennomføring av bygge- og anleggstiltak, fleir bruk og vern når det gjeld berørte private og offentlege interesser, jf. pbl. § 12-1 andre ledd. Reguleringsplan vil også stille strengare krav til offentlegheit, og kommunen vil få eit ansvar for å sikre aktiv medverknad jf. pbl. § 5-1.

Fylkesmannen vil peike på at søknaden ikkje inneheld ei grundig vurdering av kva slags konsekvensar tiltaket vil ha på naturmiljøet i sjø ved ein utviding av anlegget. Relevant fagleg kunnskap bør danne grunnlag for vurderinga av om vilkåra er til stades for å gje dispensasjon.

Ulempene for naturmiljøet er etter Fylkesmannen si oppfatning ikkje diskutert utfyllande nok i saka. Me meiner at det er i strid med pbl. § 1-1: «Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner».

Vi vil også peike på at området er registrert som eit regionalt viktig friluftsområde, og at det manglar ei vurdering av korleis tiltaket vil påverke friluftslivet i båt.

Fylkesmannen meiner framleis at ei utviding av eit akvakulturanlegg av denne storleiken må gjerast i ein kommuneplanprosess, eventuelt i ein reguleringsplan. Etter det vi kan sjå av saksdokumenta har kommunen ikkje vurdert om tiltaket er reguleringspliktig. Vi gjer merksam på at for tiltak der det er naudsynt med ei konsekvensutgreiing er det i utgangspunktet ikkje grunnlag for å gi dispensasjon frå plankrav¹.


Det er no laga ei konsekvensvurdering for tiltaket, med vurderingar av nokre tema. Konsekvensvurderinga tar i hovudsak for seg flytting av eksisterande anlegg, utan at det vert utvida. Berre under temaet friluftsliv og ferdsel blir utviding av anlegget vurdert. Det er gitt dispensasjon til å utvide området for akvakultur, noko som vil gje rett til å utvide anlegget der ein ynskjer innanfor området. Konsekvensvurderinga må då vurdere ei maksimal utnytting av området, og ikkje eit minimum slik som no er gjort.

Vurderinga av naturmangfold i området er mangelfull. Utvidinga av AK-området i Duesund fører til at det utvida AK-området vil dekke nær halve innløpet til Masfjorden. AK-området ligg mindre enn 300 meter frå israndsavsetninga som utgjer terkselen for innløpet til Masfjorden. Terskeldjupet er 69 meter og bassengdjupet innanfor er vel 450 meter, jf. figur 1.

Slike grunne parti i innløpet til fjordar er straumrike område med god vassutskifting. Det er område om ofte har ein særeigen og rik fauna. Områda er ofte gode område for fiske og fridtsfiske. Slike israndsavsetningar blir definerte som sårbare naturtyper.

I dispensasjonssøknaden er det ikkje gjort noko vurdering av kva konsekvens eit utvida AK-område inn mot israndavsetninga (terskelen) kan ha for fauna i området, inkludert moreneryggane på begge sider av terskelen. Miljøgranskningane er avgrensa til MOM B-gransking på den noverande plasseringa av merdanlegget.

¹ Ot.prp nr. 32 (2007-2008), s. 243: «Andre ledd tredje punktum angir at det ikke kan dispenses fra saksbehandlingsregler. Dette gjelder for både plansaker og byggesaker, herunder eksempelvis plankrav for planer som krever konsekvensutredning.»



Figur 1: Kartutsnitt over området ved Duesund. Nytt AK område er markert med rosa, morenerygggen (terskelen) med grått.

Konsekvensvurderinga tar ikkje før seg verknaden av utvidinga av anlegget fordi det skal vurderast i neste runde. Fylkesmannen meiner at alle verknader for miljø og samfunn som dispensasjonen opnar for må vurderast.

Innover Masfjorden er det mange små og større sjøaurevassdrag, m.a. med ein av dei viktigaste sjøaurevassdraga i Hordaland, Matreelva, i tillegg til Andvikselva, Haugsdalselva og Hopsvassdraget. Utover ligg det fleire sjøaurevassdrag, m.a. Hopeelva som eit av dei nærmeste. I nord ligg Frøysetelva, eit laksevassdrag som staten kalkar for å oppretthalde ein laksebestand. Storelva i Lindås er også eit viktige sjøaurevassdrag. Akvakulturområdet i Duesund ligg midt i, og kan påverke mange bestandar av anadrom fisk negativt. Spreiing av lus er kanskje den viktigaste faktoren (kunnskapen om smitte av andre sjukdommar og parasittar mellom oppdrett og villfisk er ikkje godt nok kjent enno).

Det er ikkje utgreidd kva moglege verknader ei utviding av arealet til akvakultur kan få for dei aktuelle sjøaure- og laksestammene i fjordsystemet. Kjend kunnskap om desse er ikkje henta fram og nytta i vurderinga. Fylkesmannen meiner derfor at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at konsekvensvurderinga ikkje i tilstrekkeleg grad vurderer alle relevante verknader ei utviding av akvakulturområde kan få på miljø og samfunn jf. pbl. § 1-1.

I tillegg meiner vi at eit så omfattande tiltak bør regulerast jf. pbl. § 12-1 tredje ledd. Fylkesmannen si vurdering er at omsyna bak arealdelen av kommuneplanen og § 1-1 i plan- og bygningslova blir vesentleg tilsidesette ved utviding av akvakulturanlegget, jf. pbl. § 19-2 andre ledd første setning.

I tillegg kan Fylkesmannen heller ikkje sjå at det ligg føre ei overvekt av grunnar for ein dispensasjon i denne saka, jf. pbl. § 19-2 andre ledd andre setning. Lova sine vilkår for dispensasjon er ikkje oppfylte. Fylkesmannen finn difor å måtte klaga på Masfjorden kommune sitt vedtak av 10.02.2016, saknr. 012/16.

Vi ber om at vedtaket vert gjort om slik at det ikke vert gitt dispensasjon som omsøkt. Fylkesmannen ber om at vedtaket vert gitt utsett iverksetjing til dess klagesaka er avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Dersom klaget ikke vert tatt til følgje, skal saka sendast Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil deretter senda saka til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterende fylkesmann

Laila Pedersen Kaland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.